



--

Arkiv saknr:	2016/285
Løpenr.:	13474/2018
Arkivkode:	151/10/151/37

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Skjalg Lie Bakken

Framlegg til utbyggingsavtale for Vierli H35, 151/10

Vedlegg:

- 1 Utbyggingsavtale Vierli H35 - Vinje kommune

Dokument i saka:

Kst-sak 07/4 – Prinsippsak – utbyggingsavtaler etter § 64 i plan- og bygningslova
Kst-sak 12/73 – Strategi for fellesgodefinansiering og vermesenger i turistområda
Plm-sak 14/99 – Utbyggingsavtale

Bakgrunn:

Vinje kommunestyre vedtok 25.01.07. Kst-sak 07/4 - prinsippsak for utbyggingsavtaler etter dåverande § 64 i Plan- og bygningslova. Vedtaket gjeld arealplanar i heile kommunen. 16.05.12. vedtok Vinje kommunestyre Kst-sak 12/73 - strategi for fellesgodefinansiering og varme senger i turistområda, og 19.09.13 blei det vedteke ein mal for utbyggingsavtale mellom Vinje kommune og utbyggjar og retningslinjer for disposisjonsfond.

Framlegg til utbyggingsavtale vart lagt ut til offentleg ettersyn 09.05.2018 med svarfrist 15.06.2018. Det har ikkje kome merknader til utbyggingsavtala.

Vurdering:

Vierli Eigedom AS og Rauland Skisenter AS har gjennomført store investeringar i reiselivsdestinasjonen knytt til infrastruktur og fellesgodar som blant anna skiheisar, alpinbakkar m.m. Det er planar om vidare utvikling, og eit ynskje frå utbyggjar om å betala inn meir enn sats for infrastrukturbidrag jf. prinsippvedtak 12/73 tilseier. Då ein del av tiltaka er kommersielle er det skrivi ei privat avtale om betaling av

infrastrukturbidrag. Avtala legg til rette for eit infrastrukturbidrag på kr 100 per m² nytt tomteareal. Dette bidraget skal nyttast til mellom anna:

- Heisanlegg med tilhøyrande publikumsfasilitetar
- Tekniske installasjonar og utstyr knytt til drift av skisenteret
- Publikumparkering, busslommer og parkering til skianlegg

For betaling og bruk av infrastrukturbidraget syner utbyggingsavtala til ei privatrettsleg avtale mellom Vierli Eigedom AS og Rauland skisenter AS. Om infrastrukturbidraget ikkje vert nytta til punkta fastsatt i avtala innan 31.12.2025, skal bidraget nyttast til andre føremål fastsatt av arbeidsutvalet innanfor reiselivsområdet Rauland.

Vedlegg 1 er framlegg til avtale mellom Vinje kommune og grunneigar på 151/10, Kristin Larsen. Avtala er basert på vedteken mal for utbyggingsavtale mellom Vinje kommune og grunneigarar. Grunneigar er samd i avtala og har signert avtala, sjå vedlegg.

Avtala regulerer forhold kring gjennomføring av reguleringsplan, tilskot til fellestiltak og bruk av det regulera området

Privat avtale mellom Vierli Eigedom AS og Rauland Skisenter AS vert lagt fram i møtet.

Plansaka vart handsama som eiga sak i planutvalet 30.05.2018.

Saka går til kommunestyret.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Framlegg til utbyggingsavtale for Vierli H35, 151/10 vert vedteken i medhald av pbl § 17 – 3 slik den ligg føre.

Rådmannen, 19.06.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/